

Fra: Sverre Solberg
Sendt: 29. januar 2015 13:54
Til: Inger Opheim Hindenes
Emne: VS: Gbnr 214/22 i (1263) Lindås kommune.
Vedlegg: 20150129125943.pdf

Hei Inger !

Kan du føra dette på 2013/2948 ?

Helsing

Sverre.

Fra: Sverre Solberg
Sendt: 29. januar 2015 13:40
Til: 'carl-fredrik.hilland@kartverket.no'
Emne: VS: Gbnr 214/22 i (1263) Lindås kommune.

Hei Carl-Fredrik !

Takk for ein kjekk og interessant tlf.samtale før lunsj i dag !

Vedlagt – diverre stykkevis og delt opp i fleire forsendelser på e-post, kjem kopiar av skyldskifter m/»Prinsipp-skisser» og kopi av jordskiftesak 1200-2014-0009 Fyllingsnes som avtalt.

Det heile tok til med at ein tomt kalt «Norlunn» - gbnr 214/22 vart skylddelt, 9. mai 1931 og tgl. 08. 06. 1931. Avgjevarbruk nr. 2 på Fyllingsnes.
Kjøpar var Nils O. Raknes.

Kjøpet vart det aldri noko av. Difor vart det heller ikkje tinglyst noko sjøyte på denne eigedomen. Det er grunnen til, at denne eigedomen fortsatt står på no avdøde Magnus Bergesen Fyllingsnes.

24. oktober 1941, vart «Nystølen» skyldsett i marka. Gbnr 214/41. Tgl. 25. 10. 1941. Avgjevarbruk nr. 2 på Fyllingsnes.
Kjøparen- Karl Bergesen Fyllingsnes, var bror til selger !
Denne eigedomen vert skylddelt «over b.nr. 22» og legg beslag på eit område av b.nr. 2 – hovedbruket – på 2 – 3 ganger så stort areal som b.nr. 22 fekk i 1931.
Som om b.nr. 22 ikkje eksisterte lenger. (Det var jo same heimelshavar til b.nr. 2 og 22 !)

10. november 1979, vert «Stykket» skylddelt på staden. Gbnr 214/165. Tgl. 25. 07. 1980. Avgjevarbruk nr. 41 på Fyllingsnes.
Før Karl Bergesen Fyllingsnes skulle selje gbnr 214/41, yngste han å tilbakeføra gbnr 214/165 til hovudbruket.
Difor vart dette skjødt over på bror-sonen, 15. 01. 1981.

Dette er i stutte ordelag, hendelsesforløpet i denne saka !

Utfordringa er fortsatt, at b.nr. 22 eksistera i Matrikkelen på tross av, at den er «skylddelt inn i» både b.nr. 41 og 165 som om den var fjerna frå jordas overflate og ikkje fanst lenger.

Helsing

Sverre Solberg

Fra: Sverre Solberg

Sendt: 29. januar 2015 13:00

Til: Sverre Solberg

Emne: